



**Stranda kommune**  
Flyktingtenesta

## Retningsliner for tildeling av kommunalt tilskot og lån til bil – til flyktingar med flyktingstatus.

### Innhald:

Kapittel 1.	2
1.1 Formål	2
1.2. Målgruppe	2
Kapittel 2. Grunnkrav for å få lån og tilskot til kjøp av bil	2
2.1 Tildeling kommunalt tilskot og lån	2
Kapittel 3. Saksbehandling	3
3.1 Søknad	3
3.2 Vedtak	3
3.3 Tidsfrist på innkjøp	3
3.4 Endringsvedtak	4
3.5 Avslag	4
3.6 Klageadgang	4
Kapittel 4. Avsluttande avgjersler	4
4.1. Ikraftsetjing	4

## Kapittel 1.

### 1.1 Formål

Retningslinjene skal legge til rette for at personar som fell inn under målgruppa kan få tilskot og lån til kjøp av eigen bil. Lån og tilskot skal auke moglegheitene til deltaking i arbeidslivet og til integrering i kommunen.

Retningslinjene skal bidra til auka rettstryggleik for søker til tilskot og lån til bil.

### 1.2. Målgruppe

Retningslinjene er for nybusette flyktningar som ikkje har eige transportmiddel innad i familien og som ikkje har tilstrekkeleg midlar til kjøp av bil.

Bilens verdi og kostnad kan ikkje overskride kr 100 000,- Då fell vedtaket om tilskot bort.

## Kapittel 2. Grunnkrav for å få lån og tilskot til kjøp av bil

### 2.1 Tildeling kommunalt tilskot og lån

Kommunalt tilskot og lån i Stranda kommune kan tildelast søkjar som fyll følgande vilkår:

- a) Søkjar må ha flyktningstatus og busett i Stranda kommune etter avtale med IMDI. Det kan gjerast unntak frå kravet til registrering i Folkeregisteret dersom søkjar kan dokumentere utfordringar med registrering.
- b) Søkjar må vere fylt 18 år på tidspunktet for vedtak om tildeling.
- c) Søkjar må ha gyldig førarkort.
- d) Søkjar må på grunn av helsemessige eller sosiale forhold vere heilt ute av stand til sjølv å skaffe egna bil.
- e) Søkjar må ha eit transportbehov til dømes jobb eller utdanning som ikkje kan oppfyllest ved offentleg transport eller anna.
- f) Dersom søker har inntekt gjennom introduksjonsprogrammet for nyankomne flyktningar i Stranda kommune skal det stillast krav om at det inngått avtale om månadleg trekk i lønn for nedbetaling av lån.
- g) Dersom søkjar har annan inntekt skal det opprettast nedbetalingsavtale.
- h) Søkjar må ikkje ha uoppgjort gjeld til Stranda kommune.
- i) Søkjar eller andre i hushaldet kan ikkje ha bil frå før.
- j) Søkjar må vere reell arbeidssøker nå, eller i nær framtid
- k) Ved manglande betaling vert vanlege innkrevjingsrutinar følgt.

## Kapittel 3. Saksbehandling

### 3.1 Søknad

Søknad om å få tilskot og lån til kjøp av bil skal sendast skriftleg til flyktingtenesta i Stranda kommune.

Kvar enkelt søknad vil bli skjønsmessige vurdert av flyktingtenesta og einingsleiar.

Søknaden må innehalde relevante opplysningar for lånesøknaden:

- a) Dokumentasjon på inntekt/arbeidskontrakt.
- b) Dokumentasjon på kva type bil søker ynskjer å kjøpe
- c) Grunngeving for kvifor søkjaren treng eigen bil.

### 3.2 Vedtak

Dersom søkjar oppfyller vilkåra for tildeling av kommunalt tilskot inntil kr.25 000,- og lån inntil kr.75 000,- til kjøp av bil, skal det fattast vedtak om tildeling. Avtale om trekk i introduksjonslønn skal vere inngått og nedbetalingsplan føreligge, maks 18 månader nedbetaling, før vedtak blir fatta.

Eit positivt vedtak om tilskot og lån til kjøp av bil skal angi sum, tidspunkt for utbetaling og informasjon om bilen tilskotet og lånet er tiltenkt. Vedtaket må innehalde grunngeving for kvifor tilskot og lån er tildelt. Vedtaket må i tillegg innehalde informasjon om klageadgang og klagefrist.

I Stranda kommune vert vedtak om tilskot og lån til kjøp av bil for nybusette flyktingar administrert av:

- Flyktingtenesta tilrår og Kommunedirektør vedtek etter delegasjon frå kommunestyret i Stranda kommune.
- Økonomikontoret står for utforming av lånedokument, utbetaling og innkrevjing.
- Personalkontoret står for trekk i introduksjonslønn

### 3.3 Tidsfrist på innkjøp

Etter positivt vedtak om tilskot og lån til kjøp av bil skal det ligge føre dokumentasjon/kjøpekontrakt frå eigar av bil før ny eigar får utbetalt beløpet. Unntaket for dette er dersom uføresette hendingar har gjort at kjøpar ikkje har vore i stand til å gjennomføre kjøpet/avtalen. Søkjar må ved slike hendingar halde flyktingtenesta oppdatert.

### 3.4 Endringsvedtak

Eit vedtak om innvilga tilskot/ lån kan gjerast om og fell bort om:

1. søkjar avslår tilskot- og lånetilbodet
2. søkjar sin situasjon er endra frå søknadstidspunktet til tidspunktet for inngåing av kjøpekontrakt, slik at søkjar ikkje lenger fyller krava for å få tilskot og lån til kjøp av bil
3. søkjar har sagt nei til trekk i introduksjonslønn/ lønn
4. søkjar har gitt uriktige opplysningar som er av betydning for søknadsbehandling.
5. søkjar sel bilen før den er ferdig nedbetalt. Søker må då betale tilbake resterande på lån og tilskot til Stranda Kommune.
6. Om søkjar vel å flytte frå Stranda kommune innan 18 månadar vil tilskot bli omgjort til lån.

Dersom vedtak om kommunalt tilskot og lån til kjøp av bil fell bort etter punkt 1, 2, 3, 4, eller 5 skal det fattast eige vedtak om bortfall.

### 3.5 Avslag

Dersom søkjar ikkje oppfyller vilkåra for tildeling av tilskot og lån til kjøp av bil, skal det fattast vedtak om at søknaden er avslått. Vedtaket skal opplyse om grunngjeving for avslaget og om adgangen til å klage.

Søknaden kan bli avslått om det ligg føre uoppgjort gjeld til kommunen jf. retningslinjene pkt. 2.1. Det kan stillast vilkår om at det vert inngått nedbetalingsavtale for gjelda dersom skyldnaren sin økonomi opnar for det.

### 3.6 Klageadgang

Vedtak jf. retningslinjene kan påklagast til Stranda kommune. Klagen sendast den instans som har fatta vedtaket. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome fram til søkjar.

## Kapittel 4. Avsluttande avgjersler

### 4.1. Ikraftsetjing

Retningslinjene trer i kraft ved vedtak i Stranda kommunestyre - Vedtak i KOM-sak 009/26.

Mynde til å fatte vedtak etter retningslinjene om tildeling av lån og tilskot til kjøp av bil i Stranda kommune delegerast til kommunedirektør.